

## Lurer du på noko kan vi kontaktast på telefon:

Ålesund

Avdeling: 70 10 59 50  
Koordinering av time: 70 10 59 54  
Avdelingssjukepleiar: 70 10 59 57

Volda

Gynekologisk poliklinikk: 70 05 82 63  
Gynekologisk sengepost (dagbehandling): 70 05 83 61  
Inntakskontoret: 70 05 82 48

### Pasientinformasjon

# Laparotomi

# Laparotomi

## Informasjon til deg som skal / har vært til laparotomi

### Operasjonen

Laparotomi er ein gynekologisk operasjon som vert utført ved et snitt på magen. Dette er den vanlegaste operasjonsmetoden når ein skal fjerne livmora og/eller fjerne cyster på eggstokkane. Ved innleggelsen diskuterer vi kva som skal gjerast med deg. Nokre vert klarert for operasjon til neste dag, medan andre må ta tilleggsundersøkingar, t.d. røntgenundersøkelse, utskraping, blodprøver eller vurdering av annan spesialist (lege). Du vert på forhånd informert om kva som er planlagt, men det kan bli nødvendig å forandre dette avhengig av kva ein finn under operasjonen.

Dersom du brukar blodtynnande medikament, som t.d. Albyl-E eller Marevan må du slutte å ta desse ei veke før inngrepet. Ta kontakt med fastlegen din for å høyre om du må ha eit anna medikament istaden.

Pengar og verdisaker tar du med på eige ansvar. Sjukehuset er i dei fleste høve ikkje ansvarleg for pasienten sine verdisaker.

### Operasjonsdagen

Du må vere fastande frå midnatt dagen før operasjonen. Operasjonsdagen, om morgonen, får du beroligande tablettar. Brukar du faste medisinar er det anestesilegen som vurderer om du skal innta desse som vanleg. Men husk å ta med deg tablettane/medisinane. Brukar du astma-medisin, og/ eller medisin for diabetes, tek du med deg dei og!

Inngrepet foregår i full narkose, og varer i 1-2 timar. Vanlegvis vert snittet lagt på tvers nederst på magen. Er livmora di svært stor, eller ved mistanke om kreft, vert operasjonssnittet lagt på langs, opp til navlen.

Det kan skje uforutsette hendingar som forsinkar operasjonsprogrammet, og det kan medføre noko venting.

### Etter operasjonen

Etter operasjonen ligg du på oppvåkingsavdelinga nokre timar, og vert deretter kjørt tilbake til avdelinga. Fyrste døgnet etter operasjonen er det vanleg med smerter og kvalme, men du vil få smertestillande og kvalmestillande når du har bruk for det.

Du kan spise og drikke så snart du klarer det etter operasjonen.

### Utskriving

Sjukehusopphaldet varer vanlegvis 3-4 dagar og du vert sjukemeldt i 3-6 veker etter kva arbeid du har. Treng du lengre sjukemelding, kontaktar du fastlegen din.

Utfloed og småblødning er vanleg dei fyrste vekene. Får du større blødningar, feber eller sterke smerter kan du kontakte vakthavande lege ved gynekologisk avdeling, eller din eigen lege. Du bør unngå tyngre lyft ( over 5-7 kilo) og tungt arbeid i 3-6 veker. Bading, tampongbruk og samleie vert frarådd dei fyrste 4-5 vekene.

Alle får utskrivingsamtale med lege. Eventuell kontroll vert avtala ved utskrivninga. Resultat av prøvar/undersøkingar som er gjort, vert sendt til deg, og fastlegen din. Dersom det visar seg at ytterlegare behandling er naudsynt, vert du kontakta.

Lukke til, og håpar du får eit fint opphald ved avdelinga, og at alt går greit for deg vidare!